

# Sundgardane

Veit du kor det er?



# Sundgardane

Eit ukjent namn i dag!



- Gardane ved sunda.
- Sørskår høyrde til gamle Årdal kommune.
- Skulekretsen heitte Sundgardane.
- Fire gardar i Sørskår: Little Døvik, Store Døvik, Sørskår og Ur.

# Skulen i Sundgardane



- Skulehus frå ca. 1920
- Skulebilete frå 1927!
- Same lærar i mest 50 år!
- Lange friminutt når læraren var heime og å middag.
- Friminuttsaktivitetar: Slåball, jepping, veggball m.m.

# Bygda før og no



- Folketalet i bygda var ca. 50 i 1801, heile 150 i 1865, og ca. 80 i 1900.
- I dag bur det ca 100 personar i Sørskår.

# Folk og ikkje minst fe....



På dei fleste gardsbruka hadde dei tidlegare dyr!

	hestar	storfe	sauer	geiter	grisar
1865	7	63	561	70	10
ca. 1950	12	70	43	0	24

Dyra var fordelt på mange bruk. Til samanlikning er det i dag 2 bruk med dyrehald. I dag er det ingen hestar i bygda, men talet på storfe og gris er mykje større enn nokon gong før. I dag er det fleire sauер enn på 50-talet, men under halvparten av det som var i 1865.

# Frukt og bærdyrkning



Det er lang tradisjon for frukt og bærdyrkning i Sørskår.  
På mange bruk henta dei litt av inntekta si frå dette.

I dag er det også fleire bruk som satsar på frukt.

Mange reiste med dampen til byen for å selja frukta si  
på torget!

Dampen (her "Jøsenfjord") gjekk innom kaiane  
i Nordre Strand på veg til og frå byen.

Posten kom med dampen, og alle måtte henta  
posten sin på Kaihuset hjå Jossi!

# Fiske og fiskeoppdrett.



Biletet viser kaien på Sørskår i 1933. På Kaien var det butikk, og her henta folk posten sin.

Til høgre i biletet ligg skøyta "Ternen". Det var fleire not bruk i bygda, og dei fleste gutar som vaks opp var med på "fisje".



Bjarne Dyvik og Arne Bruntveit starta det første oppdrettet i Strand alt i 1967. Seinare starta også naboane Oddvar og Signe Hetlelid oppdrett.

Det første oppdrettet var i dammar på land. Der hadde dei regnbueaure. Seinare blei oppdrettet flytta ut i sjøen.



Merkevare frå Sørskår!

Knut Sørskår starta i garasjen i 1980.

Verksemda vaks og i 1985 flytta dei inn i lokaler nede ved sjøen.

Produserte utstyr til fiskeoppdrettsnæringa, både båtar og foringsutstyr.

I 2020 blei bedrifta oppkjøpt av Comrod og flytta til Tau. Firmanamnet er likevel det same.



Fleire tidlegare elevar ved NSO har tatt fagbrev ved Sørskår mek.

# Kjelder:



Bygdebøker frå Strand av Jan Alsvik.

Gamle bilete frå ein sykkeltur i Nordre Strand 12.mai 1937.

# Hint: “Møgje god forstand”



Stavanger maritime museum



## Grendahuset

- Oppført i 1886
- Kosta 1200 kroner å byggje
- Fyrste skulehus på Fiskå
- Eit klasserom for 20 born
- Lærarbustad med eitt rom og kjøkken
- Frå 1899 var det bustad for fabrikkarbeidarar og lokale familiarar
- Ved sida av skulen stod eit skur som nok var utedoen
- Eigd av Fiskå grendelag no.



## Nordre Strand skule

- I 1960 byrja politikarane å snakke om å slå saman alle dei små grennaskulane i Strand kommune til tre større skular på Fiskå, Tau og Jørpeland. Nordre Strand skule sto klar til oppstart i august 1971.
- Skulen vart bygga på ein heilt ny måte, med klasseleilighetar. Tanken var at all undervisning (utanom gymnastikk) skulle skje i klasserommet, til og med sløyd og heimkunnskap.
- Klasseleilighetane var ikkje så praktiske på ein skule likevel, så i 1990 vart skulen modernisert med hjelp av ombygging og påbygging. Skulen fikk til dømes sløyd- og formingssal og ny gymsal.

# Fun fact frå 1970-talet

1973 - Barneskulane på Tau og Jørpeland hadde fortsatt undervisning på laurdagane. Ved Nordre Strand skule hadde det ikkje vore undervisning på laurdagane dei siste åra.

1977 - Det vart arrangert ei vekes førskule for barn som skulle starte i 1.klasse til hausten.

1978 - Nordre Strand skule fikk leikeapparat i skulegarden.

# Hint

Hollandsk og Fiskåsk spesialitet...

# Treskofabrikken på Fiskå



Til venstre under halvtaket hadde dei saga, fabrikken er i midten, og til høgre ligg malebua, tørkehus og lager.

- 100 meter frå Fiskåkrossen var det ein treskofabrikk
- Gulleik Himle som var smed sette opp bygget og starta med smie og plogfabrikk i 1893
- Selde fabrikken i 1899 til Stavanger Metalvarefabrikk
- Konkurs i 1901
- 1925 starta Fiskå Trevarefabrikk
- Arbeidsplass for 5-6 mann
- Produserte 8000 - 9000 par sko i året
- Frå str 6 tommar til 11  $\frac{3}{4}$  tommar + nokre få par i str 12 tommar
- Arbeidstid frå 7.30 - 17.45 med 1 time pause til middag, og  $\frac{1}{2}$  time til frukost
- Bygga blei rive ca 1985. Då var dei slitt og til fare for folk.



# Det var litt av ein jobb å lage tresko!

- Først blei treskoemna kappa i rett lengde til den storleiken som skulle lagast.
- Så blei emna skåret til på sirkelsag til omrent passelig tjuknad og satt i "kopieren" som laga forma på skoen etter modell i maskin.
- Deretter blei skoen satt i ein maskin som kaltes "helborraren". De blei fresa ut i passelig djupne fra hælen til rista på skoen, og deretter i maskin som blei kalt "borremaskinen" som borra ut fram til tåa. I denne maskinen blei borra 2 skor om gangen.
- Så blei skorne plasert på lager for tørking.
- Etter tørking blei dei smidde og fiksa innvendig med kniv og spesielle treskojern, og deretter pussa slette utvendig på pusseskiva med sandpapir og på pussereim.
- Så stod berre att å impregnera i tå og hæl for at dei skulle bli tettare, før dei til slutt blei smurt med "Tenex" og spritlakk, og var klar for salg.
- Skorne blei pakka i sekker, og levert til butikker over hele Rogaland. Mykje gjekk til foretningar i Stavanger.
- Mestedelen av skorne blei laga av bjørk, men også ein god del av svartor og furu.
- Dei var utsatt for sprekkning i tørketida. Det førte til mykje som måtte vrakast, og mykje som måtte seljast til redusert pris på grunn av mindre sprekkskader.
- Elevar som gjekk på skulen på 1970-talet fortel at dei ofte sneik seg ned på treskofabrikken og fann vraka tresko som dei tok med seg heim og mala på.


HINT: “hadulaikar ek hagustaldar  
hlaiwido magu minino”



## GARDSNAMN

- Koluig i 1563
- Kolluigh i 1602
- Køluig i 1610
- Kiolvigen 1661
- Kiøllevig i 1723
- Kjølevig i 1886
- Kjølevik i 1906

“Kjøll” tyder “skip”



## Kjøleviksteinen

- 2,7 m høg bautastein
- Hoggen mellom 400 - 500 e.Kr.
- Innskrift - eldre runer
- Gravrøys
- Bærar i potetkjellar
- Funnen i 1882
- 1883 - fraktet til Christiania
- Kopi frå 1982

*“hadulaikar ek hagustaldar hlaiwido  
magu minino”*




## Rutebåt og forretning

- MS Jøsenfjord - rutebåten



- Tre krambuar



Frå venstre Lina Watland, Maike Thygesen (bak), Solveig Kristiansen og Serina Kristiansen f. Watland. Bak ser me "storskulen" i Vatland skulekrets.



## Skulen på Vatland

- Storskulen og småskulen
- Nedlagt for 50 år sidan

## Bedehuset på Vatland

- Mellom Alsvik og Kjølevik
- 



# Hint:

Det brenn, det brenn..



Parti af Voster.



# Voster

## Kyrkje

- to kyrkjer i Strand i mellomalderen, den eine på Strand og den andre i Voster
- den eine klokka fekk dei til Strand kyrkje i 1620
- det seiest at kyrkja i Voster blei vigsla til Olav den heilage
- den brann ned ein gong etter 1349



# Heilag Olav si kyrkje i Wormster

Eit sagn eller ei vandrehistorie om kyrkja i Voster.

Det er faktisk få personar som i dag kjenner til at det på 1400 talet stod ei kyrkje ved Vostervatnet, og enda færre som veit at den vart via til St. Olav.

[Soga om Heilag Olav si kyrkje på Wormster](#)



Kløyvasteinen  
på Fogn.

Jotnen på Sør Bokn.



# Hint:

## Første skulekjøkken





## Skulehuset i Voster

- første skule i Strand som fekk skulekjøkken
- 
- dei hadde handarbeidsrom på loftet og sløydsal i kjellaren



# Voster skule

Dei andre skulane hadde ikkje sløyd -og handarbeidsrom.

Elevane kom derfor frå dei andre grennaskulane for å nytte desse romma.

For å kome til Voster skule måtte elevane ta buss.  
Elevane gjekk på skulen anna kvar dag.

Nokre klassar gjekk mandag, onsdag og fredag,  
mens andre gjekk tysdag, torsdag og laurdag.



# Asgjerd Taksdal

Asgjerd Ramsfjell Taksdal frå Voster,  
skreiv Nordre Strand songen til  
skulen sitt 30 års jubileum.

<https://www.youtube.com/watch?v=3ISxqjtNpHI>



[Nordre Strand Songen](#)

**Hint:**



Parti af Voster.



## Butikken i Voster

- Rolf Nordbø og systera Kari overtok landhandelen i 1960.
- Butikken hadde også kraftfor, postkontor med eige postnummer og fryseboks som folk kunne låne plass i.



# Garasje og lager



- Teodor Voster overtok landhandelen 1970.
- Landhandelen blei lagt ned, men Teodor Voster dreiv ei stund med omnar før det vart lagar og garasje.

# Hint: hypermoderande i 1877





# Fiskå Mølle

- Larsinius Larsen frå Talgje (Østebø)
- Møllebruket stod ferdig i 1877
- Kundar frå Ryfylkeøyane og -fjordane, til og med frå Karmøy
- Mest havregryn og grynmjøl
- Folk måtte vente i kø for å få måla kornet sitt i opptil 14 dagar
  - det vart bygd eit eige hus dei kunne bu i medan dei venta - Kvernhusstova



## Fiskå Mølle

- Larsinius Larsen drukna utanfor Vervik romjula 1885
- Enkja Hanna tok over drifta
- Kombinert sag - og møllebruk
- Nevøen til Larsinius, Lars Rasmussen Nordbø, fra Finnøy starta i teneste hos Hanna
- Lars tok over drifta saman med brødrene Rasmus og Asseus rundt 1895
- Dreiv etterkvar mølle (Rasmus), sagbruk (Lars) og landhandel (Asseus)



## Fiskå Mølle

- gjekk over til kraftforproduksjon i 1965
- har planar om hydrogenanlegg med meir (sjå biletet)

# Forslag til meir lesing

[Lenke til intervju med Gunnar Nordbø](#)

Hint: Mange munner å mette



## Fiskå bakeri

- På 1800-talet var det ein kar frå Fiskå som ville brygge øl, og bruke gjæren som var igjen til å lage brød. Dette var starten på Fiskå bakeri.
- Dei lager blant anna mange ulike brød, rundstykker, jødekaker, kakemenn og skuleboller.
- Arbeidsdagen starter kl.21.00 for bakarane. Brøda er ferdige og klar til utkjøring kl.03.30.



## Fiskå bakeri dei siste åra

- Nedstenging pga. corona førte til at bestillingane tikka inn hos Fiskå Bakeri etter mathamstringa og dei måtte auke produksjonen med 50%!